



Foto: Ingrid K. Misje

# Plan for samarbeid og samanheng heim, barnehage og skule/SFO

Planen gjeld frå august 2020.

# Innhald

Føremål .....	4
Målgruppe .....	4
Forankring.....	4
Barneskular og barnehagar i dei ulike områda.....	8
Årshjul.....	9
Utdjuping av aktivitetane i årshjulet .....	12
1. Skulane får melding om barn med omfattande hjelpebehov/nedsett funksjonsevne.....	12
2. Aktivitetsplan for dei eldste barna i barnehagen og på 1. trinn i skulen	13
3. Foreldremøte i barnehagen.....	14
4. Oppfølging av fleirspråklege barn .....	15
5. Fagsamling.....	15
6. Foreldresamtale .....	15
7. Foreldremøte på skulen.....	16
8. Barnesamtalar .....	16
9. Overføringsmøte .....	17
10. «Bli-kjent-dagar»/førskuledagar på skule og SFO.....	17
11. Eventuelle overgangssamtalar .....	18
Aktuelle lenker.....	19
Vedlegg nr. 1.....	20
Vedlegg nr. 2.....	21
Vedlegg nr. 3.....	23
Vedlegg nr. 4.....	24
Vedlegg nr. 5.....	25

# Innleiing

Barn og foreldre skal oppleve at både barnehage og skule gjer sitt beste for å skapa kontinuitet og samanheng i overgangen frå barnehage til skule/SFO. Overgangen skal siste året i barnehagen til første året på skulen sjåast på som ein samanhengande prosess. Dei ulike aktivitetane skal synleggjerast og gje meining for både barna og føresette.

Det er føresette som har hovedansvaret for barna si oppseding. Barnehagen, skulen og skulefritidsordninga har saman med føresette eit felles ansvar for at barnet møter skulen med entusiasme og lyst til å læra. Barna sin medverknad og deltaking i dette arbeidet er særleg viktig.

For å oppnå meiningsfull samanheng mellom barnehage og skule/SFO, er det nødvendig at dei ulike verksemdene har god kunnskap om kvarandre. Barnehagane må vita kva skulen forventar av barna på 1. trinn i høve sosial kompetanse, tema/fag og arbeidsmåtar. Skulen må vita kva tema, aktivitetar, innhald og arbeidsmåtar barnehagane vektlegg siste året før skulestart.

I 2018 fekk barnehagen, skulen og SFO ei lovfesta plikt til å samarbeida for å sikra barna ein best mogleg overgang frå barnehage til skule. Skuleeigar har hovudansvar for samarbeidet, og skal utarbeida ein plan for overgangen.

I rammeplan for barnehagen står det at barnehagen skal bidra til at alle barn som går i barnehage får ein god barndom, der leik, læring, danning og omsorg er deler i ein samanhengande heilskap. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar som skal vera tilpassa til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Barnehagen skal leggja til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.

Sentral satsing har i dag eit særleg fokus på arbeid som fremjer barn si språkutvikling før dei byrjar på skulen, jf. [Kompetanse for framtidens barnehage 2018-2022](#) og [Språkløyper](#).

I høyring *Forslag til endringer i barnehageloven Regler om barnehagemiljø*, datert 12.08.2019, vert det forslått nye lovparagrafar i barnehagelova for å sikra alle barnehagebarn eit trygt og godt barnehagemiljø, jf [Prop. 96 L](#).

§ 9 A-2 i opplæringslova seier at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø, og dei skal gjennom tilpassa opplæring få tilfredsstillande læringsutbyte. Dei skal møte varierte arbeidsmåtar og gjennom faglege utfordringar oppleve meistring. Grunnleggande dugleikar i skulen er å kunna uttrykkja seg munnleg og skriftleg, å kunna lesa, rekna og bruka digitale verktøy. Lærarane underviser etter gjeldande læreplan LK2020. Frå hausten 2020 er det *Fagfornyelsen* som gjeld frå 1. til 9. trinn (10. trinn frå hausten 2021).

*Planen er utarbeidd av representantar for barnehagane (kommunale og private), SFO, skulane, faglege rådgjevarar og hovudtillitsvalt i Utdanningsforbundet.*

# Føremål

Formålet med plan for samarbeid og samanheng heim, barnehage og skule/SFO er å sikra at alle barn får ein likeverdig, trygg og meiningsfull overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning.

## Målgruppe

Plan for samarbeid og samanheng heim, barnehage og skule/SFO er ein reiskap for tilsette i barnehagane, skulane og SFO. Planen forpliktar særleg pedagogane som arbeider med dei eldste barna i barnehagen og pedagogane på 1. trinn. Styrarane og rektorane har ansvar for at rutinane vert gjennomførte på ein god måte.

Planen er overordna og forpliktande for alle kommunale barnehagar, skular og skulefritidsordningar i Stord kommune. Det vert anbefalt at også private barnehagar nyttar planen.

Årshjulet som skildrar aktivitetane i overgangen mellom barnehage og skule/SFO, og gjev retning for innhaldet og samarbeidet, og tidfestar møteplassar. Årshjulet skal bidra til førebuing av eit godt første år i skulen.

Styrarane og rektorane har ansvar for at dei ulike tiltaka i årshjulet dannar utgangspunkt for ein konstruktiv dialog og godt samarbeid.

## Forankring

Fagavdeling oppvekst og utdanning i kommunen har eit overordna ansvar for å koordinera samarbeidet mellom barnehagane og skulane/SFO. Ansvar for den praktiske gjennomføringa ligg hjå den enkelte barnehage og skule. Føresette skal vera aktive partar i samarbeidet.

Planen er forankra i opplæringslova og barnehagelova:

*Opplæringslova § 13-5:*

*«Skolen skal samarbeide med barnehagen om barna sin overgang frå barnehage til skole og skolefritidsordning. Samarbeidet skal bidra til at barna får ein trygg og god overgang.*

*Skoleeigaren har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skole og skolefritidsordning.»*

*Barnehagelova § 2a:*

*«Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 13-5 og friskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang.»*

## Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver, kap. 6::

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.»*

Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.»

### *I Meld.St.6 (2019-2020) Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*

- om gode overgangar og samanhengar i utdanningsløpet:

*«Overganger skal være preget av kontinuitet og oppleves som trygge for barna og elevene. Det krever god planlegging, god ledelse, god informasjonsoverføring og godt samarbeid på tvers av nivåer og fag. Barna og elevene må få hjelp til å finne seg til rette, og både barna og elevene selv og foreldrene må få medvirke til at overgangen kan bli best mulig. Barnehagene og skolene må være spesielt oppmerksomme på at barn og elever som trenger særskilt tilrettelegging, skal få en god overgang. Barn og foreldre med innvandrerbakgrunn kan ha behov for særskilt veiledning og språklig tilrettelegging. Vi har behov for mer kunnskap om overgangene i utdanningsløpet og hvordan de fungerer for elever som trenger særskilt tilrettelegging.»*

*For at barna og elevene skal få en best mulig overgang, er det viktig at relevant informasjon og dokumentasjon formidles til alle aktuelle parter, inkludert barnet og foreldrene. Samtidig må hensynet til barnas og elevenes personvern ivaretas. Ved overgangen mellom barnehage, skole og SFO må barnehagen ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.»*

*Utdanningsdirektoratet om observasjon og kartlegging av barn sitt språk i overgangen frå barnehage til skule, jamfør [Språkløyper](#)*

Barn sine viktigaste år for språkutvikling er førskulealder, og i denne perioden vert barnet sitt språklege og kognitive grunnlag lagt. Undersøkingar viser klar samanheng mellom barnehagebarn si forståing av omgrep og ordforråd, og skuleprestasjonane til den enkelte ved utgangen av grunnskulen.

Barnehagelæraren bør gje relevant og fagleg basert informasjon om barnet sitt språk til førsteklasselæraren. Då er sjansen betre for at ein unngår vente-og-sjå-haldning, gjev førsteklasselæraren ein pedagogisk fordel, bidreg til ein trygg skulestart og gjev barnet best mogleg grunnlag for å styrka språket sitt. Informasjonen som vert overført frå barnehage til skule skal vera basert på observasjonar og kartlegging av barnet sitt språk, samt eventuelle tiltak som er gjennomført.

Dei mest brukte kartleggingsverktøya er TRAS og Alle Med. TRAS er mest detaljert når det gjeld barnet sitt språk, og er eit verktøy for systematisk observasjon av barn si språkutvikling over tid i alderen 2 til 5 år.

Skjemaet har åtte område av betydning for språkutvikling:

- Samspel
- kommunikasjon
- Merksemd
- Språkforståing
- Språkleg medvit og produksjon knytt til
  - lyd
  - ord
  - setningsnivå

TRAS har også ein eigen versjon utan aldersmarkering som kan brukast på barn som har eit anna morsmål enn norsk, og ein eigen tiltaksperm med konkrete forslag til kva støtte personalet kan bruka i oppfølginga. TRAS Digital kjem snart også som app.

***I nasjonal rettleiar for samarbeid om samanheng mellom barnehage og skule; "Fra eldst til yngst", rår ein til at:***

- 1. Barnehagetida vert avslutta på ein god måte og skulen og skulefritidsordninga førebur seg på å ta imot barnet.*
- 2. Barnet vert kjent med skulen i god tid før første skuledag.*
- 3. Det er samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i barnehage og skule.*
- 4. Foreldre godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og får aktivt medverka i deling.*
- 5. Lærarar i barnehage og skule har felles møteplassar for forventningsavklaring, kompetanseutvikling og felles planlegging.*
- 6. Kommunen initierer, planlegg, kontrollerer og føl opp samarbeidstiltak gjennom overordna planar. Planane bør inkludera både kommunale og private barnehagar og skular.*
- 7. Barnehage- og skuleeigarar har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeid.*



## Barneskular og barnehagar i dei ulike områda

<b>Grunnskular 1-7 trinn</b>	<b>Barnehagar kommunale (K) - Private (P)</b>
<b>Område Sagvåg/Litlabø</b>	
Sagvåg skule Litlabø skule Tjødnalio skule	Stuastølen gardsbarnehage (P) Sagvåg barnehage avdeling Nysæter (K) Sagvåg Maritime FUS barnehage (P) Sagvåg barnehage avdeling Tjødnalio (K) Valvatna FUS barnehage (P)
<b>Område Heiane/Digernes/Kårevik</b>	
Langeland skule	Trodlahaugen barnehage (K) Kåreviksmarka FUS barnehage (P) Olderdalen FUS kulturbarnehage (P) Heiane barnehage (P)
<b>Område Leirvik/sentrum</b>	
Leirvik skule	Skogatufto barnehage (K) Bergly familiebarnehage (P) Naustvågen barnehage (P) Læringsverkstedet barnehage avd. Sæ barnehage (P) Ås barnehage (P)
<b>Område Nordbygdo</b>	
Hystad skule Rommetveit skule	Furuly barnehage (K) Dalen FUS barnehage (P) Sævarhagen FUS barnehage (P) Nordbygdo FUS barnehage (P) Villvettene friluftsbarnhage (P)



# Årshjul

Årshjulet syner tiltak for barnehagane og barneskulane i kommunen. Rektor og styrar i den enkelte eining skal involvera aktuelle tilsette i arbeidet.

Når	Aktivitetar	Ansvar	Omtale
<b>Vår 1</b>			
Januar 1,5 år før skule-start	Skulane får melding om barn med omfattande hjelpebehov/nedsett funksjonsevne	Styrar i samarbeid med foreldre/helsesøster der barnet <i>ikkje</i> går i barnehage	1
<b>Haust</b>			
Aug./sept.	Aktivitetsplan for dei eldste barna i barnehagen og for barna på 1. trinn i skulen er klar – jf. mal i vedlegg 3  <b>NB:</b> <b>2020/2021 kun under utprøving mellom ein samarbeidande barnehage og skule</b>	Styrar og Rektor i avtalte einingar: <i>Langeland skule / Trodlaugan barnehage</i>	2
Aug./sept.	<b>Foreldremøte i barnehagen</b> ➤ Informera om overgangsplanen og samarbeidet med skule og SFO	Styrar	3
Sept.	Oppfølging av fleirspråklege barn	Styrar / Pedagogisk leiar	4
Sept.  Siste tysdag i sept, kl 13.00 – 15.00	<b>Fagsamling</b> Mellom barnehagar, SFO og skular Tema: Samarbeid og overgangar ➤ arbeidet med barn si språkutvikling, og kartlegging av det i barnehagen ved hjelp av TRAS ➤ Innhaldet i barnemappene som vert overlevert frå barnehage til skule	Fagavdeling OUT ved rådgjevarar	5
Oktober	<b>Foreldresamtale</b> ➤ Snakka om barnet og forventingar til barnehagen siste året før skulestart. ➤ Barnehagen informerer om planar for siste året og om korleis barnet fungerer i barnehagen.	Styrar /ped.leiar	6

Oktober/ nov.	<b>Foreldremøte på skulen</b> Føresette til barn som skal byrja på skulen komande haust vert kalla inn til møte på nærskulen i månadsskiftet oktober/november – jf. mal i vedlegg 4. Skulane samarbeider om dato.	Rektor	7
<b>Vår 2</b>			
Januar oppfølg. av møte januar året før	Møte om barn som kan ha behov for spesialundervisning, teiknspråkopplæring eller ASK i skulen ved skulestart same haust.	Styrrar i samarbeid med føresette	1
Februar	<b>Barnesamtalar</b> Ped.leiar og barnet samtalar om kva informasjon skulen og SFO skal få.  <u>Mappe 1</u> Inneheld informasjon om barnet, jf vedlegg 2 og 3, og ei teikning som barnet har valt ut. <u>Mappe 2</u> Inneheld konfidensiell informasjon om barnet og barnet si språkutvikling. Døme: TRAS og Alle med	Ped.leiar til dei eldste barna i barnehagen	8
Mars	<b>Foreldresamtale</b> Drøfting av informasjon om barnet som skal gjevast til skulen	Styrrar / ped.leiar	6
April	<b>Overføringsmøte</b> Møte mellom pedagogar i barnehage og pedagogar som skal ha barna på 1. trinn. Møte tek utgangspunkt i det barna fortel i barnesamtalane i februar.  <i>NB: Eit slikt møte føreset samtykke frå føresette.</i>	Rektor	9
Mai første torsdag i mai kl 13.00 – 15.00	<b>Fagsamling</b> Mellom pedagogar i barnehage, skule og SFO Tema: Samarbeid og overgangar ➤ Utgangspunkt i aktuelle tema	Fagavdeling OUT ved rådgjevarar	5
Mai/ juni	<b>“Bli-kjent-dagar” på skulen og SFO</b> Nye elevar på 1. trinn besøkjer skulen og SFO saman med føresette	Rektor	10
Mai/juni	Overlevering av barna sine mapper til aktuell skule	Styrrar	
Juni	<b>Eventuelle overgangssamtalar</b> ➤ Barn som kan ha rett til spesialundervisning frå dei byrjar på skulen, jf. Opplæringslova §5-1 ➤ Barn som kan ha rett til teiknspråkopplæring frå dei byrjar på skulen, jf Opplæringslova § 2-6 ➤ Barn som kan ha behov for ASK frå dei byrjar på skulen, jf Opplæringslova § 2-16	Styrrar	11

	<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Minoritetsspråklege barn som kan ha rett til særskilt norskopplæring / morsmålsopplæring, jf Oppl.lov § 2-8</li><li>➤ Barn som kan ha behov for assistent på grunn av nedsett funksjonsevne. Døme: Nedsett funksjonsevne, BTI-sak</li></ul>		
--	---	--	--

### **Merk**

Årshjulet er minstepraksis. Barnehagar og skular vert i tillegg oppmoda om til dømes å gjera avtale om at dei eldste barnehagebarna besøkjer skulen/SFO i nærmiljøet.

# Utdjuping av aktivitetane i årshjulet

## 1. Skulane får melding om barn med omfattande hjelpebehov/nedsett funksjonsevne

Tidspunkt	Januar 1,5 år og 0,5 år før skulestart
Målgruppe	Barn med omfattande hjelpebehov/nedsett funksjonsevne som kan ha behov for spesialundervisning eller ASK ved skulestart
Ansvar	Styrar i samarbeid med føresette - Helsesøster der barnet <i>ikkje</i> går i bhg
Merknad	PPT, evt fysioterapeut, rektor og barnehagestyrar deltek i dette møtet

Det er viktig at det tidleg vert oppretta samarbeid om elevar som har rett til spesialundervisning i form av eit heilskapleg spesialpedagogisk opplæringstilbod. Føresette skal vera informerte og ha gitt samtykke i forkant. Teiing- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk vert lagt til grunn. Styrar kallar inn rektor til overføringsmøte i barnehagen i god tid før skulestart. Rektor har ansvar for at spesialundervisning på skulen vert planlagt i samarbeid med føresette, lærarar og PPT.

For barn som har spesialpedagogisk hjelp i lite omfang i førskulealder, kan det gjennomførast overføringsmøte med skulen dersom føresette ynskjer dette. Her kan barnehagen og føresette informera om barnet si utvikling og kva tiltak og tilpassing som har fungert for barnet i barnehagen. Dette vert ein del av grunnlaget for skulen si planlegging av tilpassa opplæring for den aktuelle eleven.

Dersom barnet ikkje har utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, kan PP-tenesta utarbeida ei sakkunnig vurdering av behov for spesialundervisning etter at barnet har byrja på skulen. Føresette kan då søkja skulen ved rektor om spesialundervisning<sup>1</sup>.

---

<sup>1</sup> Jamfør *Veilederen* spesialundervisning

## 2. Aktivitetsplan for dei eldste barna i barnehagen og på 1. trinn i skulen

Tidspunkt	August /september
Målgruppe	Barna som skal byrja på skulen påfølgjande år og barna som nett har byrja på skulen
Ansvar	Styrar og rektor i avtalte einingar
Merknad	<b>Avtalt kun under utprøving mellom ein samarbeidande barnehage og skule</b>

Det står i rammeplanen at dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å byrja på skulen og oppleve at det er samanheng mellom barnehage og skule.

Barnehagen skal leggja til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrja på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutta barnehagetida på ein god måte og møta skulen og skulefritidsordninga med nysgjerrigheit og tru på egne evner.

*Rammeplan for barnehagen* vert vidareført gjennom *Kunnskapsløftet* i skulen, og planane gir naturleg samanheng og progresjon i høve arbeidet med omsorg, leik, læring og danning, samt fagområda:

Fagområda for barnehage	Innhald og fag for skule
Kommunikasjon, språk og tekst	Alle fag og grunnleggjande dugleikar
Kropp, rørsle, mat og helse	Kroppsøving og mat & helse
Kunst, kultur og kreativitet	Kunst og handverk og musikk
Natur, miljø og teknologi	Naturfag og samfunnsfag
Mengd, rom og form	Matematikk og kunst & handverk
Etikk, religion og filosofi	Kristendom, religion, livssyn og etikk
Nærmiljø og samfunn	Naturfag og samfunnsfag

I Meld.St. 6 (2019-2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* vert språkarbeidet i barnehagen omtalt i kap. 2.3.2. Det står mellom anna at språkarbeidet med dei yngste barna er særleg viktig. Forsking viser at det er samanheng mellom kvaliteten på språkmiljøet i avdelinga barnet går på fram til det er tre år, og ordforrådet det har når det er fem. I gode barnehagar kommuniserer og resonnerer dei tilsette aktivt med barna, og stimulerer dei til å reflektera, tenkja og bruka språket.

Barnehagane er forplikta til å observera og følgja med på barna si språkutvikling og til å fange opp og støtta barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, som er lite språkleg aktive, eller som har sein språkutvikling.

Dei kommunale barnehagane i Stord kommune skal kartleggja alle barn si språkutvikling frå dei er to år i TRAS-skjema. Utfylt skjema skal overførast til skulen ved skulestart. NB: Krev samtykke frå føresette.

Det vert oppmoda om at dei private barnehagane også gjev skulen slik informasjon om det enkelte barn si språkutvikling.

Nokre barn vil ha behov for å trenast ekstra på til dømes ferdigheiter som påkleding, toalettbesøk, stå i kø, mm. Dette er dugleikar som gjer barnet sjølvstendig, og som ein også bør trenast på heime.

Samarbeidande barnehage og skule utarbeider ein aktivitetsplan for overgangen frå barnehage til skule/SFO. Planane skal sendast til Fagavdeling OUT.

Barnehagane sin aktivitetsplan skal stå i årsplanen deira.

### Aktivitetsplan

Aktivitetsplanen skal innehalda tiltak som legg til rette for at barna opplever samanheng og progresjon i læringsinnhaldet i overgangen frå barnehage til skule/SFO og at dei får medverka i høve å:

- ta avskjed med barnehagen på ein god måte
- gle seg til å byrja på skulen
- verta kjend med skulen sine rutinar og læringsarena i god tid før første skuledag

### 3. Foreldremøte i barnehagen

Tidspunkt	August/september
Målgruppe	Føresette til barna som skal byrja på skulen komande haust
Ansvar	Styrrar i barnehagen

Dette er barnehagen sitt møte med føresette til dei eldste barna i barnehagen. Møtet kan vera som ein del av eit ordinært foreldremøte.

Føresette sine forventingar til skulen er ulike. Dei vil også oppleva store endringar frå eigen skulegang til undervisninga som møter eige barn. Det vil difor vera hensiktsmessig at føresette alt medan barna går i barnehagen, får ein generell gjennomgang av korleis barnehagen førebur barna siste året, kva som ventar ved skulestart og korleis dei kan bidra til å gje barna ein trygg og meningsfull overgang til skule og SFO.

#### Aktuelle tema for møtet kan vera:

- det pedagogiske innhaldet det siste året i barnehagen (t.d. om leiken si betyding for læring, korleis det vert arbeidd med språk, sosiale ferdigheiter, TRAS-registrering, med meir)
- korleis barnehagen og heimen kan samarbeida med å gje barna eit godt grunnlag for meistring og læring (høgtlesing, munnlege forteljingar, tilgang på bøker, bibliotek, spel, m.m.)
- samarbeidsrutinar barnehage, skule og SFO
- kva som vert annleis når barnet byrjar på skule
- informasjon om skulen si «fadderordning»
- viktigheita av at barna er sjølvhjelpne ved t.d. toalettbesøk og av-/påkleding

#### 4. Oppfølging av fleispråklege barn

Tidspunkt	September
Målgruppe	Fleispråklege barn som har behov for systematisk språkarbeid og observasjon med tanke på skulestart
Ansvar	Styrrar / Pedagogisk leiar
Merknad	Verktøy: T.d. TRAS

I samarbeid med føresette skal barnehagen tidleg fanga opp, kartleggja og arbeida med dei fleispråklege barna som barnehagen har grunn til å tru vil ha rett på særskilt norskopplæring (SNO) etter Opplæringslova § 2-8.

Dette dreiar seg om barn med eitt år eller meir i norsk barnehage før skulestart, og som ein trur vil ha utfordringar med å følgja ordinær undervising i skulen.

#### 5. Fagsamling

Tidspunkt	Haust og vår
Målgruppe	Pedagogar i barnehage som arbeider med dei eldste barna, SFO-leiarar og pedagogar i skule som arbeider med dei yngste elevane
Ansvar	Fagavdeling OUT ved rådgjevarar
Merknad	Tema: Samarbeid om overgang barnehage og skule og SFO for å sikra god overgang for barna

Ein smidig overgang til skule krev at barnehage og skule kjenner kvarandre sine rutinar, tradisjonar, metodar og planar.

På same måte som skulen kan nytta seg av kunnskap om kva barnehagen og barnet har gjennomført i tida før skulestart, skal barnehagen få innblikk i kva som ventar første året i skulen.

#### 6. Foreldresamtale

Tidspunkt	September og mars
Målgruppe	Føresette til barn som skal byrja på skulen komande haust
Ansvar	Pedagogisk leiar til dei eldste barna
Merknad	Det er utarbeida eit eige skjema for overføring av informasjon frå barnehage til skule, jf. vedlegg 1

Foreldresamtalen på hausten skal vera med å sikra god og tett oppfølging av barnet det siste året i barnehagen. Gjennom samtalen får føresette høve til å snakka om barnet sitt og forventingar til barnehagen siste året før skulestart. Barnehagen informerer om planar for siste året og korleis barnet fungerer i barnehagen.

I møte med føresette som har anna morsmål enn norsk, må pedagogisk leiar i forkant av møtet vurdera behov for tolk på føresette sitt morsmål.

Foreldresamtalen om våren skal seia noko om korleis det går i barnehagen og vurdera kva informasjon om barnet som skal overførast til skulen. Det er viktig

at ein i samtalen inkluderer barnet sine tankar om det å byrja på skulen og barnet sin ståstad før skulestart, jamfør barnesamtalen i mars. Føresette sine tankar om dette skal også koma med.

Føresette må samtykka for at barnehagen skal kunna gje skulen informasjon. Det vert oppmoda om deling av aktuell informasjon, så lærarane på 1. trinn får eit best mogleg grunnlag for å «ramma inn» barnet/eleven frå første dag i skulen.

## 7. Foreldremøte på skulen

Tidspunkt	Oktober/november
Målgruppe	Føresette til barn som skal byrja på 1. trinn
Ansvar	Rektor ved den enkelte skule
Merknad	Kopi av brevet til barnehagane Skulehelsetenesta og ev. andre kom. tenester orienterer om arbeidet sitt

Møtet er meint å gje føresette innblikk i skulekvardagen og kunnskap om tema som omhandlar skulen sitt lov- og regelverk, skulen sine organ, læreplanverket, kompetansemål i fag, arbeidsmåtar, med meir.

Andre aktuelle tema er føresette sin rolle i samarbeidet med skulen, skulen sine forventingar til samarbeidet med dei om skulestart og organisering på 1. årstrinn, eleven si faglege og sosiale utvikling, skulen sitt SFO-tilbod, FAU-arbeid, skulehelsetenesta, PPT og barnevernet.

Døme:

- kommunen sin strategi for inkluderande barnehage-, skule- og SFO-miljø
- korleis skulen arbeider med utvikling av barn sin sosiale kompetanse
- korleis skulen arbeider med utvikling av barn si sjølvregulering
- korleis skulen arbeider med utvikling av ein god lese-/skrivestart

## 8. Barnesamtalar

Tidspunkt	Februar
Målgruppe	Dei eldste barna i barnehagen
Ansvar	Pedagogisk leiar til dei eldste barna
Merknad	Tema: Kva informasjon skulen og SFO skal få om barnet

Sjå nærmare detaljer om dette i vedlegg nr. 1.



## 9. Overføringsmøte

Tidspunkt	April
Målgruppe	Pedagogar til dei eldste barna i barnehage og pedagogar på aktuell skule som skal ha barna på 1. trinn komande haust
Ansvar	Rektor ved den enkelte skule
Merknad	Informasjon frå barnehagen om det enkelte barnet med utgangspunkt i barnesamtalen i februar. <i>NB: Slik overføring av informasjon føreset samtykke frå føresette</i> Overlevering av barna sine mapper til skulen i mai/juni

## 10.«Bli-kjent-dagar»/førskuledagar på skule og SFO

Tidspunkt	Mai/juni
Målgruppe	Barn som skal byrja på 1. trinn same haust besøker skulen og SFO dei skal byrja på saman med føresette
Ansvar	Rektor ved den enkelte skule
Merknad	Rektor sender invitasjon til barna og føresette med kopi til barnehagane

Skulen skal gjennomføra to korte «Bli-kjent-dagar» i mai/juni før barna byrjar på skulen. Målet med «Bli-kjent-dagar» er å skapa positive forventingar til skulestarten og bidra til at barn og føresette opplever tryggleik fram mot skulestart.

Barna skal verta kjende med skulebygget frå innsida, slik at dei kan orientera seg og finna fram. Dei skal få helsa på nokon av dei vaksne på skulen, treffa komande medelevar og oppleve korleis ein skuletime kan arta seg. Dei får også helsa på «fadrane» sine.

Kontaktlærer og klassar/grupper er ofte ikkje avklart til førskuledagane. Dette bør barn og føresette vera informert om, så det ikkje vert ei forventing om å treffa «sin» lærar og «sin» klasse på førskuledagane. Det er lærarane på trinnet barna vert kjende med.

Barna bør også verta kjende med tilsette på SFO i løpet av besøksdagane. SFO er for dei fleste barna det første møtepunktet med skulen når dei byrjar i august.

## 11.Eventuelle overgangssamtalar

Tidspunkt	Juni
Målgruppe	Barn som kan ha rett til spesialundervisning, teiknspråkopplæring, ASK og særskilt norskopplæring frå skulestart, med meir
Ansvar	Styrar
Merknad	innkalling til aktuelle føresette og skular

### Gjeld:

- barn som kan ha rett til spesialundervisning frå dei byrjar på skulen, jf. opplæringslova §5-1
- barn som kan ha rett til teiknspråkopplæring frå dei byrjar på skulen, jf opplæringslova § 2-6
- barn som kan ha behov for ASK frå dei byrjar på skulen, jf opplæringslova § 2-16
- minoritetsspråklege barn som kan ha rett til særskilt norskopplæring/ morsmålsopplæring, jf opplæringslova § 2-8
- Barn som kan ha behov for assistent på grunn av nedsett funksjonsevne. Døme: Nedsett funksjonsevne, BTI-sak



Foto: Sæ barnehage

## Aktuelle lenker

Klikk på teksten for å følgja koplingar

[Elektronisk søknadsskjema - SFO](#)

[Stord kommune/inkluderande læringsmiljø](#)

[Barnehagelova](#)

[Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver](#)

[Opplæringslova](#)

[Fagfornynging i skulen](#)

[Kunnskapsløftet](#)

[Veileder Frå eldst til yngst – samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole](#)

[Veiledning Språk i barnehagen – mye mer enn bare prat](#)

[Veilderen spesialundervisning](#)

[Veilederen spesialpedagogisk hjelp](#)

[Overganger for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning](#)

[Rettigheter for barn i barnehagealder med behov for ASK](#)

[Rettigheter for elever med behov for ASK](#)

[Overgangen til skole for barn med hørselshemming](#)

[Stord kommune sin strategi for ein inkluderande barnehage-skule og SFO](#)

[Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Stord kommune](#)

[Språkløyper – overgang barnehage-skule](#)

[TRAS](#)

# Vedlegg nr. 1

## Samtykke til å gje informasjon

Barnet sitt namn: .....

Fødselsdato: .....

Eg/Me gir samtykke til at ..... tar kontakt med dei tenester eg/me her tillet, for at barnet mitt/vårt kan få nødvendig oppfølging/henvisning i tilknytning til

.....  
.....

Eg tillet at følgjande informasjon kan gjevast:

- Alt som vert vurdert som nødvendig
- Det kan informerast om:

.....  
.....

Set kryss ved dei tenestene som kan kontaktast:

- Barnehage
- Skule
- Pedagogisk psykologisk teneste
- Helsestasjon/skulehelsetenesta
- Barnevern
- Barne- og ungdomspsykiatri
- Andre.....

**Dette samtykket gjeld fram til....., eller til eg/me trekkjer samtykket tilbake, jf. [Veileder: Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn-ungdom-familier](#)**

Dato: ..... Føresett .....

Dato: ..... Føresett.....

Samtykket er underteikna i nærvær av: .....

## Vedlegg nr. 2

### FORTRULEG

#### Informasjon om barnet til skule og skulefritidsordning (SFO)

Barnehagen sitt namn: \_\_\_\_\_

Barnet sitt namn: \_\_\_\_\_

Barnet sin fødselsdato: \_\_\_\_\_

Morsmål: \_\_\_\_\_

Føremålet med skjemaet er å overføra viktig informasjon frå barnehagen til dei som skal arbeida direkte med barnet/eleven på skulen.

<b>BARNET:</b> Dette vil eg at skulen og SFO skal vita om meg:  (Skriv ned det barnet faktisk seier.)	
<b>BARNET:</b> Dette tenkjer eg om å byrja på skulen og SFO:  (Skriv ned det barnet faktisk seier)	
<b>Dialog med foreldre:</b>  Barnet sitt sosiale samspel med barn og vaksne	
<b>Dialog med føresette:</b>  Barnet si språklege utvikling (jamfør TRAS-skjema)	

<p><b>Dialog med føresette:</b></p> <p>Barnet si motoriske utvikling</p>	
<p><b>Anna som føresette og/eller barnehage meiner skulen bør vita som er til det beste for barnet:</b></p> <p>Døme:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse (allergiar, syn, høyrsel)</li> <li>• Vener</li> <li>• Interesser</li> <li>• Sjølvstende (påkleding- og toalettsituasjonen, i leik- og læringsaktivitetar, i å forstå beskjedar og ta imot instruksjon)</li> <li>• Behov for tilpassa opplæring eller ASK</li> <li>• Særskilt norskopplæring</li> <li>• Dysleksi i familien</li> </ul>	

**Eg/me samtykkjer i at informasjonen i dette skjemaet kan overførast frå**

\_\_\_\_\_ barnehage til \_\_\_\_\_ skule

Eventuelle vedlegg:

\_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

Underskrift føresette: \_\_\_\_\_

Underskrift styrar/ped.leiar: \_\_\_\_\_

## Vedlegg nr. 3

### Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn

**NAMN BARNEHAGE:** .....

Namn barn				Fødd		Kjønn	
Nasjonalitet				Tal år i Norge		Tal år i barnehage	
<b>Mor:</b>				<b>Far:</b>			
Språket til mor				Språket til far			
Skulegang/yrke frå heimlandet				Skulegang/yrke frå heimlandet			
Kva språk brukar føresette i samtale med barnet?							
Kva språk brukar barnet i samtale med føresette?							
Har barnet søsken eller andre som kan snakka norsk?							
<b>Om barnet – informasjon ut frå observasjonar/kartlegging</b>							
<b>Norskkunnskap:</b>							
<b>Føresette si vurdering av barnet sitt språk</b>							
1.språk (barnet sitt morsmål)				2.språk (norsk)			
Flytande	Godt	Litt	Ingenting	Flytande	Godt	Litt	Ingenting
Kommentar:				Kommentar:			
<b>Det vert tilrådd tolk ved samtale med foreldra (set kryss) <input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> nei</b>							
Andre opplysningar							
<b>Føresette godkjenner at informasjon vert overført frå barnehage til skule</b>							
Dato		Underskrift føresette					
Dato		Underskrift ped.leiar					
Dato		Underskrift styrar					

## Vedlegg nr. 4

# Invitasjon til foreldremøte

for føresette som har barn/elevlar som skal byrja på skulen  
hausten xxxx

Det vert forldremøte på **namn** skule **xxx**dag **dato**. I møtet får føresette informasjon om skulen og skulestart. Det vert også høve til å få svar på spørsmål og eventuelt gjera avtalar om vidare kontakt vedrørande elevlar med særlege behov. Barna skal ikkje vera med på dette møtet.

- Tid:
- Stad:

Det er viktig at de møter sjølv om de har delteke på liknande møte før.

Ber om at de fyller ut vedlagt skjema for elevinformasjon på førehand.

### Velkomen!

Stord, **dato**

\_\_\_\_\_

rektor, **namn** skule

**Bruk bilete frå eigen skule. Døme:**





## **Elevinformasjon 1. trinn, skuleåret xxxxx**

### **Informasjon til skulen**

(skulen har teieplikt)

#### **Eleven:**

Etternamn	
Mellomnamn	
Førenamn	
Fødselsnummer	
Morsmål	

#### **Føresett 1**

Namn:	
Fødselsnummer	
Adresse	
Telefonnr. privat	
Mobilnr.	
Telefonnr. arbeid	

#### **Føresett 2**

Namn	
Fødselsnummer	
Adresse	
Telefonnr. privat	
Mobilnr.	
Telefonnr. arbeid	

#### **Kven bur barnet saman med?**

Begge foreldra	
mor	
far	

Dersom barnet kun bur hjå den eine, skal då både mor og far ha informasjon? ..

**Søsken**

Namn:	
Fødselsår	
Kva skule går han/ho på	

**Har barnet barnehageplass?**

Ja	
Nei	
Dersom ja, i kva barnehage	
Når byrja barnet i barnehage	

**Har barnet nedsett funksjonsevne eller sjukdomar som skulen må ta omsyn til?**

Dersom ja, beskriv:
---------------------

**Brukar barnet medisin?**

Ja	
Nei	

**Får barnet spesialpedagogisk hjelp inneverande år?**

Ja	
Nei	

**Barnet sin fastlege**

Namn	
Telefonnr.	

**Anna informasjon de meiner skulen bør få?**

--

Stad/dato:

\_\_\_\_\_  
Underskrift føresett\_\_\_\_\_  
Underskrift føresett